

Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

Tidspunkt: Måndag 5. februar 2018 kl. 1800-1945

Stad: Brannstasjonen i Odda, kjellaren

Desse møtte: Eivind Tokheim, Steinar Langesæter, John Helge Rasmussen, Synnøva Sæbø, Ørjan Angell, Ragnar Ystanes

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

FUS 01/18: Meldingar

FUS 02/18: Referat frå møte 13. november 2017

FUS 03/18: Årsmelding 2016

FUS 04/18: Salsordning for fiskekort og småviltjakt

FUS 05/18: Møteplan 2018

FUS 06/18: Fakturering av fjelloppsynet sine kostnader for drift av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

FUS 07/18: Prosess for evaluering av fredingssonene i reinsjakta

FUS 08/18: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/ Steinar Langesæter/s/ Ørjan Angell/s/

Ragnar Ystanes/s/ Synnøva Sæbø/s/ John Helge Rasmussen/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

FUS 01/18: Meldingar

Saksdokument:

2017.11.20-362.1. Fellesstyret - Uttale til søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet
2017.11.20-362.1. Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning-Uttale til revidert søknad i samband med endring og flytting av utedo, Jakobsbu
2017.11.24-362.1.Statskog-Vedr. revidert søknad i samband med endring og flytting av utedo på Jakobsbu
2017.12.01-362.1.Statskog- Vedr. søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet
2017.12.05-621.2.Villreinutvalet-Resultat kalveteljning 2017
2017.12.05-621.2.Villreinutvalet-Resultat strukturteljning 2017
2017.12.05-621.2.Villreinutvalet-Sporlogg kalveteljning 2017
2017.12.05-612.8.Villreinutvalet-Kortanalyse 2017
2017.12.13-612.0.Johannes Aga og Arne O. Lutro-Innspel til evaluering av fredingssonene
2018.01.04-035.2 Notat Øverlandshytta
2018.01.04-612.0.Hardangervidda Villreinutval-Fredingssoner 2013-2017
2018.01.08-642.0-Ingrid Opedal-Søknad om løyve til fiske med garn i området rundt steinbua vår i Skålsbotnen
2018.01.11-372.2. Statskog -Dam Nibbehøl Miljø- og arealbruksplan
2018.01.12-011.3. FH as- Fakturering av fjelloppsynet sine kostnader til drift av Fellesstyret
2018.01.14-612.0.Odd Aga - Innspel til evaluering av fredingssonene

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret tek meldingane til orientering.

Referat:

Leiar og sekretær gjekk gjennom meldingane.

Vedtak (sak FUS 01/18):

Styret tek meldingane til orientering.

FUS 02/18: Referat frå møte 13. november 2017

Saksdokument:

- 02/18 Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 13. november 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner referat frå møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 13. november 2017.

Referat:

Vedtak (sak FUS 02/18):

Styret godkjenner referat frå møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 13. november 2017.

Samrøystes vedteke.

FUS 03/18: Årsmelding 2016

Saksdokument:

- 03-18 Utkast Årsmelding 2016

Saksutgreiing:

Det blei ikkje utarbeida årsmelding for 2016 i fjor. Vedlagt er eit utkast til ei enkel årsmelding for 2016.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner årsmeldinga for 2016.

Referat:

Saka blei kort diskutert.

Vedtak (sak FUS 03/18):

Styret godkjenner årsmeldinga for 2016.

Samrøystes vedteke.

FUS 04/18: Salsordning for fiskekort og småviltjakt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fellesstyret sel i dag stongfiskekort og jaktkort på småvilt på nett via Inatur:

Fiskekort Ullensvang statsallmenning:

<https://www.inatur.no/fiske/50ed339fe4b092f33faf510d/stongfiske-ullensvang-statsallmenning>

Fellesfiskekort Ullensvang statsallmenning, Røldal statsallmenning, Ulvik statsallmenning og Eidfjord statsallmenning:

<https://www.inatur.no/fiske/50ec304ae4b092f33faf5082/felleskortet-stongfiske-hardangervidda-vest>

I tillegg blir det selt stongfiskekort, garnkort og jaktkort på småvilt frå fylgjande utsalsstader:

- Fellessekretariatet på heradshuset i Kinsarvik
- Fjellstyrekontoret på heradshuset i Kinsarvik
- Sport 1 Odda
- Spar Nå
- Joker Skarsmo
- Litlos turisthytte (berre stongfiskekort)

Tabell 1. Sal av stongfiskekort frå utsalsstadane i 2017.

Sal kort for kvart enkelt fjellstyre	Ulvik	Ullensvang	Eidfjord	Røldal	Fellesfiskekort	SUM
Fjellstyrekontoret	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
Fellessekretariatet	kr 0	kr 440	kr 0	kr 0	kr 0	kr 440
Sport1 Odda	kr 0	kr 1 940	kr 920	kr 0	kr 500	kr 3 360
Spar Nå	kr 0	kr 440	kr 0	kr 0	kr 0	kr 440
Joker Skarsmo	kr 0	kr 220	kr 0	kr 0	kr 600	kr 820
Litlos	kr 0	kr 4 330	kr 0	kr 400	kr 1 100	kr 5 830
SUM	kr 0	kr 7 370	kr 920	kr 400	kr 2 200	kr 10 890

Tabell 2. Sal av garnfiskekort frå utsalsstadane i 2017.

Sal av garnkort frå utsalsstadar 2017	
Fjellstyrekontoret	kr 300
Fellessekretariatet	kr 4 050
Sport1 Odda	kr 10 800
Spar Nå	kr 5 400
Joker Skarsmo	kr 5 850
Litlos	kr 0
SUM	kr 26 400

Tabell 3. Samla omsetnad frå utsalsstadane 2017.

Sal stongfiskekort Ullensvang statsallmenning	kr 7 370,00
Fellesstyret sin andel av fellesfiskekortet	kr 365,20
Garnkort	kr 26 400,00
Totalt sal	kr 34 135,20
Provisjon til utsalsstad (10%)	kr 3 754,87
SUM	kr 30 380,33

Tabellane over viser omsetnad på utsalsstadane for sal av stongfiskekort (tabell 1) og garnfiskekort (tabell 2). Samla inntekter for sal frå utsalsstadar i 2017 trekt frå provisjon er vist i tabell 3. Sidan rypa har vore freda denne sesongen har det ikkje vore blokker for sal av småviltjakt på utsalsstadane i år. I 2016 blei det selt småviltjakt for 6300,- via Inatur, og 900,- via utsalsstadane.

Det er tidkrevjande å administrere denne ordninga. Salsblokker skal ut til utsalsstadane og samlast inn etter sesongen. Dei fleste av utsalsstadane sender blokkene inn etter sesongen, men det går også med ein del tid med til å purre på dei som er seine med å levere. Sekretær må kontrollere alle blokkene, og lage til ei oversikt over totalt sal og provisjon til utsalsstadane.

I 2017 brukte sekretær 16 timar på å administrere sal av fiskekort. Delen av dette som går med til å administrere sal utanom Inatur blir anslått til minst 2/3 (10-11 timar). Dette er arbeid som ikkje er refusjonsberettiga, og kostnaden for Fellesstyret var difor 10x560,- = 5600,- inkl. mva.

Blokkene for sal av stongfiske blir kjøpt inn årleg. Det blei kjøpt inn blokker for 3980,- i 2017. Blokker for garnkort og jaktkort for småvilt blir ikkje kjøpt inn årleg, så kostnadane til dette har eg ikkje oversikt over, men det er truleg ein liten sum årleg. Tabell 4 viser ei oversikt over inntektene og utgiftene knytt til denne ordninga.

Tabell 4. Oversikt over inntekter og utgifter knytt til sal av fiskekort på utsalsstadar.

Sal stongfiskekort Ullensvang statsallmenning	kr 7 370,00
Fellesstyret sin andel av fellesfiskekortet	kr 365,20
Garnkort	kr 26 400,00
Totalt sal	kr 34 135,20
Provisjon til utsalsstad	kr 3 754,87
Omsetnad	kr 30 380,33
Tidsbruk administrasjon: 10x560	kr 5 600,00
Innkjøp stongfiskekortblokker	kr 3 980,00
SUM	kr 20 800,33

Til samanlikning hadde Fellesstyret ein omsetnad på 46096,- på sal av stongfiskekort via Inatur (etter provisjon til Inatur er trekt frå). Tidsbruken til å administrere dette blir anslått til om lag 6 timar, dvs. $6 \times 560 = 3360$,- inkl. mva. Årsabonnement på Inatur kostar 2000,- inkl. mva kvar for fiske og småvilt.

Sal av stongfiskekort på utsalsstadane

I 2017 blei det selt 23 stongfiskekort samla på utsalsstadane utanom Litlos turisthytte. På Litlos blei det selt 54 stongfiskekort. Til samanlikning blei det seld 674 stongfiskekort via Inatur (138 Ullensvang-kort og 536 fellesfiskekort). Dette viser at det er eit svært avgrensa behov for å selje stongfiskekort utanom Inatur.

Litlos turisthytte skil seg ut sidan det ikkje er mobildekning der, og det er difor eit behov for å framleis kunne selje stongfiskekort der. Eit alternativ til fiskekortblokker på Litlos er at dei sel kort via ei forhandlarløysing på Inatur. Det går føre seg på den måten at turisthytta registrerer salet på Inatur, og skriv ut eit fiskekort som kunden får med seg. Turisthytta tek sjølv betalt for fiskekortet, og sekretær for Fellesstyret sender faktura til turisthytta på oppgjær (samla salssum trekt frå 10% provisjon) basert på rapport over samla sal (rapporten blir automatisk oppretta på Inatur). Inatur tek 3 % av fiskekortprisen som provisjon for sal via forhandlar. Dette er det i utgangspunktet Fellesstyret som må ta kostnaden for. Sakshandsamar meiner det kan leggjast på 3 % på prisane ved sal frå Litlos, slik at Fellesstyret ikkje får denne utgifta. Ved direktekjøp på Inatur får kunden eit gebyr på 20,- per kjøp. Det vil difor i dei fleste tilfelle uansett bli billegare for kunden å kjøpe fiskekort via forhandlar (3 % av sesongkort som per i dag kostar 400,- er 12,-).

Sakshandsamar har vore i kontakt med Jarle Viskjer om dette. Han er i utgangspunktet positiv til å gå over til ei slik løysing, men må undersøke om det er praktisk mogleg med tanke på nett og utskrift av fiskekort. Det kan hende det er behov for eit eige nettbrett til fiskekortsal, og sakshandsamar meiner Fellesstyret eventuelt kan kjøpe inn eit som blir brukt på Litlos turisthytte. Kostnaden til dette vil bli ca 1000-1500,-.

Sakshandsamar tilrår at Fellesstyret gir sekretær fullmakt til å gjere avtale med Litlos turisthytte om anten å halde fram med sal via fiskekortblokker eller å gå over til forhandlarløysing via Inatur.

Sakshandsamar tilrår i utgangspunktet at det frå i år ikkje blir selt stongfiskekort på dei andre utsalsstadane, sidan det blir selt svært få kort på denne måten, og ordninga er dyr å administrere. Det er likevel ikkje noko i vegen for at utsalsstadane får tilbod om tilsvarande forhandlarløysing som Litlos turisthytte. Dei kan då halde fram med å selje stongfiskekort, garnkort og småviltjakt for Fellesstyret.

Sal av garnkort via Inatur

Sakshandsamar meiner det med fordel kan opnast for sal av garnkort via Inatur. Røldal fjellstyre sel garnkort via Inatur, sjå salssida: <https://www.inatur.no/fiske/54450cd8e4b008d2e8744b8e/fiske-i-roldal-statsallmenning> Det er godt opplyst på nettsida at garnkort berre kan kjøpast av innanbygdsbuande. Dersom ein utanbygdsbuande kjøper eit garnkort vil han/ho ikkje ha løyve til å bruke dette kortet. Sakshandsamar kan ta ut rapport frå salssida som viser adresse for dei som har kjøpt fiskekort. Dersom ein utanbygdsbuande har kjøpt eit garnkort vil han/ho bli varsla om at han fiskar ulovleg dersom han nyttar seg av kortet. Dette har ikkje vore ei aktuell problemstilling for Røldal fjellstyre, i fylje sekretæren har det aldri skjedd at utanbygdsbuande har kjøpt garnfiskekortet.

Nokon vil setje pris på å ha moglegheit til å framleis kunne kjøpe garnkort på utsalsstadane. Det kan difor vera tenleg å halda fram med å selje garnkort på utsalsstadane også i 2018, men at det samtidig blir mogleg å kjøpe garnkort via Inatur. Sakshandsamar vil tilrå at Fellesstyret på sikt vurderer å ikkje ha garnfiskekort på utsalsstadar (med unntak av ei eventuell forhandlarløysing), då det er unødvendig når salet kan gjerast på Inatur, samt at det er ei stor kostnad knytt til ordninga.

Sal av småviltjakt på utsalsstadane

Som nemnt tidlegare i saksutgreiinga blei det omsett småviltjakt for 900,- av ein total omsetnad på 6900,- i 2016. Sakshandsamar tilrår at det ikkje blir selt jaktkort for småvilt på papirblokker frå og med i år.

Framlegg til vedtak:

Fiskekort for garnfiske blir lagt ut for sal på Inatur frå og med sesongen 2018.

Det blir ikkje sal av stongfiskekort og småviltjaktkort på utsalsstadane (papirblokker) frå og med sesongen 2018.

Sekretær får fullmakt til å avtale med Litlos turisthytte om anten å halde fram med sal via fiskekortblokker eller å gå over til forhandlarløysing via Inatur. Dersom naudsynt kjøper Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning inn eit nettbrett til bruk på Litlos turisthytte.

Utsalsstadane får tilbod om å selje stongfiskekort, garnfiskekort og småviltjakt for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning som forhandlar via Inatur for 10 % provisjon.

Sal av garnfiskekort på utsalsblokker held fram på utsalsstadane i 2018 (med unntak av dei som eventuelt vil selje via forhandlarløysinga på Inatur). Ordninga blir vurdert på nytt før 2019-sesongen.

Referat:

Saka blei kort diskutert.

Vedtak (sak FUS 04/18):

- Fiskekort for garnfiske blir lagt ut for sal på Inatur frå og med sesongen 2018.
- Det blir ikkje sal av stongfiskekort og småviltjakkort på utsalsstadane (papirblokker) frå og med sesongen 2018.
- Sekretær får fullmakt til å avtale med Litlos turisthytte om anten å halde fram med sal via fiskekortblokker eller å gå over til forhandlarløysing via Inatur. Dersom naudsynt kjøper Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning inn eit nettbrett til bruk på Litlos turisthytte.
- Utsalsstadane får tilbod om å selje stongfiskekort, garnfiskekort og småviltjakt for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning som forhandlar via Inatur for 10 % provisjon.
- Sal av garnfiskekort på utsalsblokker held fram på utsalsstadane i 2018 (med unntak av dei som eventuelt vil selje via forhandlarløysinga på Inatur). Ordninga blir vurdert på nytt før 2019-sesongen.

Samrøystes vedteke.

FUS 05/18: Møteplan 2018

Saksdokument:

- 05-18 Framlegg til møteplan for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til møteplan prøver å dekke dei sakene ein veit kjem, samtidig som det tek omsyn til tidsplanen til sekretær (feltarbeid, ferie med meir). Det må lagast ein plan for alle tre fjellstyra, og vedtak i dei andre fjellstyra kan difor føre til endringar tidspunkt for møte. Det vil bli forsøkt å legge opp til møte i Ullensvang fjellstyre og Odda fjellstyra i førekant av møte i Fellesstyret, slik at dei to fjellstyra kan drøfte sakene som skal handsamast i Fellesstyret. Møteplanen vil vere førande, og det kan bli endringar.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til møteplan for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2018.

Referat:

Møte 2 (v. 12) blei sett til måndag 19. mars.

Møte 3 (v. 20) blei sett til måndag 14. mai.

Møte 4 (v. 46) blei sett til tysdag 13. november.

Planen er førande, og endringar kan førekome.

Samrøystes vedteke.

Vedtak (sak FUS 05/18):

Møteplanen blir justert slik:

Møte 2 (v. 12) måndag 19. mars.

Møte 3 (v. 20) måndag 14. mai.

Møte 4 (v. 46) tysdag 13. november.

Planen er førande, og endringar kan førekome.

Samrøystes vedteke.

FUS 06/18: Fakturering av fjelloppsynet sine kostnadar for drift av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning**Saksdokument:**

06-18 FH as-Fakturering av Fellesstyret sine kostn.

Saksutgreiing:

Georg Gjøstein, dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as, har kome med ein førespurnad om å endre rutineane for fakturering av fjelloppsynet sine kostnadar for drift av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Sjå vedlagt e-post til saka. Tidlegare praksis har vore å fakturere kostnadane for sekretariat og anna arbeid utført for Fellesstyret til dei to fjellstyra Odda og Ullensvang.

Det vil vere meir oversiktleg dersom kostnadane til Fellesstyret sin aktivitet blir dekkja av Fellesstyret. Mykje av aktiviteten i Fellesstyret er knytt til fiske og småviltjakt, og sidan inntektene av sal av fiskekort og småviltjakt går til Fellesstyret er det også naturleg at utgiftene til dette blir lagt på Fellesstyret. Det er i tillegg ein del arbeid med blant anna reguleringar av reinsjakta. Inntektene frå reinsjakta ligg hos dei to fjellstyra. Det bør likevel vere grunnlag for å drive Fellesstyret med overskot. Økonomien i Fellesstyret er for tida god, med om lag 235.000,- på bok.

Det har vore ein praksis at ein del kostnadar knytt til Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre har blitt dekkja av Fellesstyret. Dette gjeld til dømes reiseutgifter og tapt arbeidsforteneste

knytt til vår- og haustmøte. Sakshandsamar har også ført ein del timar på Fellesstyret når arbeidet omfattar begge fjellstyra. For at det ikkje skal bli for høge kostnader for Fellesstyret etter ei eventuell omlegging av faktureringa frå Fjellstyra på Hardangervidda as, bør slike rutinar leggjast om slik at kostnaden blir knytt til det fjellstyret der dei «høyrer heime».

Georg Gjøstein har informert meg om at ei eventuell omlegging frå 2018 er avhengig av om Statskog aksepterer det. Sidan Fellesstyret ikkje er godkjent mottakar av refusjonsmidlar per i dag, er det ikkje sikkert dette kan ordnast for inneverande år. Frå og med 2019 er det truleg uproblematisk.

Framlegg til vedtak:

Kostnadane for sekretariat og anna arbeid utført for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning av Fjellstyra på Hardangervidda as skal fakturerast til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Ordninga trer i kraft så snart Statskog har godkjent Fellesstyret som mottakar av refusjonsmidlar.

Referat:

Saka blei kort diskutert. Steinar Langesæter kom med framlegg om at rutinane for å legge kostnadane for møte, samlingar med meir (til dømes vår- og haustmøte) til Fellesstyret blir teke opp som sak på neste møte. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak FUS 06/18):

Kostnadane for sekretariat og anna arbeid utført for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning av Fjellstyra på Hardangervidda as skal fakturerast til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Ordninga trer i kraft så snart Statskog har godkjent Fellesstyret som mottakar av refusjonsmidlar.

Rutinane for å legge kostnadane for møte, samlingar med meir (til dømes vår- og haustmøte) til Fellesstyret blir teke opp som sak på neste møte.

Samrøystes vedteke.

FUS 07/18: Prosess for evaluering av fredingssone i reinsjakta


Saksdokument:

- 07-18 Fredingssoner 2013-2018
- 07-18 Rapport frå Hardangervidda villreinutval
- 07-18 Innspel fredingssoner Johannes Aga
- 07-18 Innspel fredingssoner Odd Aga
- 07-18 Alternativ 1 (nord)
- 07-18 Alternativ 2 (nord)
- 07-18 Alternativ 3 (sør)

Saksutgreiing:

Vedtaket om innføring av dei to fredingssonene i 2013 gjaldt for fem år. Fellesstyret må ta stilling til om det skal vera fredingssoner i reinsjakta til hausten.

I åra det har vore fredingssoner har dei gps-merka dyra sin arealbruk i jakta vore markant endra samanlikna med åra før innføring av fredingssoner. Dette er vist i rapporten frå villreinutvalet som er vedlagt saka. Jegerar og jaktoppsyn har også erfart at det har blitt jakta over større deler av Ullensvang statsallmenning desse åra. I kor stor grad fredingssonene har hatt ein effekt, og om begge fredingssonene har virka, er vanskeleg å talfeste. Den generelle oppfatninga er nok at sona i sør har hatt liten effekt, medan sona i nord har fungert betre. Samtidig har jakta i Hansbu-området vore utfordrande, sidan store deler av arealet nord for Kvenna har vore freda for jakt. Effekten av fredingssonene på fellingsresultatet er usikkert. I åra 2013-2017 har reinskvota vore langt høgare enn åra før, og dette påverkar fellingsprosenten. Vindretning i jakta varierer også mykje frå år til år. Figur 1 viser variasjonen i kor mykje vestavêr det har vore i jakta dei siste åra. Vêrstasjonen på Sandhaug registrerer vindretning og styrke fire gonger i døgnet. Vêrstasjonen blei starta opp i 2009, så det finns ikkje data frå tidlegare år. Tal registreringar er delt på tal dagar jakt, sidan tal dagar jakt varierer (utvida jakt i 2014 og 2016). Figuren viser at det har vore nokså lite vestavêr i åra 2013-2017 samanlikna med åra før.



Figur 1. Tal registreringar med vindretning 220-340 grader per dag jakt i åra 2009-2017.

Det er mange meiningar om fredingssonene blant jegerane. Vedtaket om fredingssoner bør gjerast på grunnlag av ein god prosess der jegerane har fått moglegheit til å koma med innspel til Fellesstyret. Fleire har nemnt at det bør haldast ein jegerkafé med fredingssonene som tema. Sakshandsamar meiner at det i tillegg bør vere ein høyringsperiode der det blir oppmoda til å koma med skriftlege innspel.

Sakshandsamar ser for seg at Fellesstyret gjer vedtak i saka på møte i v. 11 eller 12 (mest truleg måndag 19. mars). Ein eventuell høyringsperiode kan vare om lag ein månads tid, fram

til eit par veker før møtet. Dersom det skal haldast ein jegerkafé bør den og haldast såpass lenge før møtet at sakshandsamar har tid til å skrive sakspapir etter jegerkafeen.

Til ein høyringsprosess og jegerkafé kan det vere ein fordel at Fellesstyret har presentert nokre aktuelle alternativ til vidareføring av ordninga med fredingssoner. Vedlagt ligg tre alternativ til drøfting på møtet. Sakshandsamar meiner den gamle «trekanten» ved Hansbu bør oppretthaldast, sidan det er aksept for denne blant jegerane, og det ikkje er heldig å få jakt på flatane nedanfor hyttene på Hansbu.

Dersom Fellesstyret gjer vedtak om å vidareføre fredingssonene i ei eller anna form er dette eit vedtak etter fjellova §23 som skal på høyring til Ullensvang herad og Odda kommune. Dersom det er usemje mellom Fellesstyret og kommunane skal fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka.

Fellesstyret må legge ein plan for prosessen fram mot eit vedtak om fredingssoner. Sakshandsamar ser for seg at Fellesstyret legg nokre alternativ ut på høyring fram mot neste møte i Fellesstyret. Dersom Fellesstyret ynskjer det kan det arrangerast ein jegerkafé.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Eivind Tokheim informerte om at det har blitt halde eit møte med representantar frå Eidfjord fjellstyre der fredingssonene blei diskutert. Eidfjord fjellstyre legg opp til ein tilsvarande prosess som Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning, med ein jegerkafé før endeleg avgjerd om fredingssoner. Eit innspel frå jegerar i Odda som kom inn til Fellesstyret etter at sakspapira var sendt ut blei levert ut på møtet.

Dei tre utkasta til fredingssoner som var saksdokument til saka blei diskutert. Det blei i tillegg sett på andre variantar som blei lagt fram på møtet. Det blei utarbeida ein ny versjon av fredingssone nord på møtet.

Det blei teke opp at fredingssona i sør ikkje har gitt det resultatet ein ynskjer. John Helge Rasmussen viste til at jegerar i det området har erfart at flokkar ofte har roa seg i fredingssona i sør, utan å trekke vidare vestover. Vidare kommenterte John Helge Rasmussen at området som har vore freda i sør utgjer ein stor del av jaktarealet for jegerar i Bjørnavass-området. Fredingssona har ført til at det har blitt ein større jegerkonsentrasjon på Låven.

Steinar Langesæter kom med framlegg om at Fellesstyret bør koma med framlegg til fredingssoner til høyringsrunde og jegerkafé. Eivind Tokheim kom med framlegg om at det bør leggjast ut *eit* alternativ nord og *eit* alternativ sør til høyringsrunden. Styret slutta seg til dette.

John Helge Rasmussen presiserte at utkasta til fredingssoner som Fellesstyret sender på høyring er forslag til fredingssoner, og ikkje ein konklusjon frå Fellesstyret si side.

Eivind Tokheim kom med framlegg om at Fellesstyret sender ut alternativ 3 (sør) på høyring. Sekretær sender ein førespurnad til Røldal fjellstyre om det er aktuelt for dei å vidareføra ei fredingssone som heng i hop med sona på Ullensvang statsallmenning. Styret slutta seg til dette.

Eivind Tokheim kom med framlegg om at Fellesstyret sender ut ein justert versjon av fredingssona i nord på høyring. Styret slutta seg til dette.

Eivind Tokheim kom med framlegg om at det blir halde ein høyringsperiode fram til og med 5. mars, og jegerkafé på Meieriet kulturhus i Odda torsdag 1. mars. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak FUS 07/18):

- Fellesstyret sender ut alternativ 3 (sør) på høyring. Sekretær sender ein førespurnad til Røldal fjellstyre om det er aktuelt for dei å vidareføra ei fredingssone som heng i hop med sona på Ullensvang statsallmenning.
- Fellesstyret sender ut ein justert versjon av fredingssona i nord på høyring.
- Det blir halde ein høyringsperiode fram til og med 5. mars, og jegerkafé på Meieriet kulturhus i Odda torsdag 1. mars.

Samrøystes vedteke.

FUS 08/18: Eventuelt

Søknad om løyve til ombygging av hytte på Hansbu

Statskog har sendt ein søknad om løyve til ombygging av ei hytte på Hansbu til uttale i Fellesstyret. Saka har blitt liggjande hos Statskog ei stund, og som vedlegget viser har Tilsynsutvalet allereie gitt uttale til saka.

Frå Fjellova § 12:

Iverksetjing av grunndisponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.

Før Statskog som grunneigar tek avgjerd i saka skal fjellstyret ha hatt høve til å koma med fråsegn. Fellesstyret skal ta stilling til om tiltaka kan medføre vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og om tiltaka kan utførast under omsyn til prinsippa for naturvern.

Søknaden omfattar å erstatte eit tilbygg med eit som er større, skifte tak og drenere rundt hytta. Det er sakshandsamar si vurdering at dette ikkje kan påverke bruksrettane negativt, og framlegg til vedtak er at Fellesstyret ikkje har merknadar til søknaden.

Referat:

John Helge Rasmussen meinte det måtte gjerast eit tilsvarande vedtak som i uttale til byggesøknad i Mågehadlet i sak FUS 15/17, og kom med framlegg om fylgjande uttale frå Fellesstyre:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknad til søknaden ut over at byggetiltaka bør gjerast i tråd med retningslinjene i verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknad til søknaden ut over at byggetiltaka bør gjerast i tråd med retningslinjene i verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12 i fjellova

.

Høyring på forslag om å oppheve § 30 i hjorteviltforskrifta

Det har nyleg kome inn eit forslag om å oppheve hjorteviltforskrifta § 30 frå Miljødirektoratet.

Det er teke initiativ til felles saksutgreiing frå Fjellstyra på Hardangervidda, der ei felles saksutgreiing blir sendt ut for handsaming i fjellstyra. På grunn av kort tidsfrist vil truleg ikkje Fellesstyret vere samla for å kunne diskutere saka etter at saksutgreiinga er skriven. Høyringsutkastet frå Miljødirektoratet blei sendt ut til Fellesstyret i førekant av møtet.

Referat:

Eivind Tokheim kom med framlegg om at sekretær sender ut saksutgreiinga frå Fjellstyra på Hardangervidda as til medlemmene i Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre, og tek imot innspel frå medlemmene i fjellstyra. Eivind Tokheim og Steinar Langesæter får fullmakt frå Fellesstyret til å gi uttale i saka på vegner av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Styret slutta seg til dette.

Vedtak:

Sekretær sender ut saksutgreiinga frå Fjellstyra på Hardangervidda as til medlemmene i Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre, og tek imot innspel frå medlemmene i fjellstyra. Eivind Tokheim og Steinar Langesæter får fullmakt til å gi uttale i saka på vegner av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning.

Samrøystes vedteke.